


## ◆ KVINNHERAD KULTURFESTIVAL

## Hemningslaust frå Teigen



◀ **EKSOTISK:** Her ser vi eit eksempel på korleis eit fotografi endrar karakter når Johanne Teigen har jobba med det ei stund. (Pressefoto).



**FESTIVALKUNSTNAREN:** Husnesjenta Johanne Teigen har busett seg i Oslo og satsar på kunst. 4. februar viser ho bilda sine i biblioteket på Husnes. (Pressefoto).

«Når du kontaktar meg mistar eg hemningane» er namnet på festivalutstillinga i biblioteket.

Eller rettare sagt «When You Contact Me I Lose Inhibition». Utstillinga til Johanne Teigen (29) frå Husnes har nemleg fått ein engelsk tittel. Bilda vil bli hengde opp i biblioteket og viste første gong under opningsarrangementet til Kvinnherad kulturfestival, torsdag 4. februar.

#### Fotobasert kunst

Med støtte i presseinfo frå arrangøren kan vi fortelja at arbeida til Johanne Teigen startar med et bilde av ein stad, der den einaste verdien finst i til-

høvet mellom henne, plassen og det nøyaktige tidspunktet då bildet er tatt. Staden mistar verdi når augneblinken er over, verdien blir overført til bildet og eit digitalt minne av hendinga. Så vert dette øydelagt med digital forvrenging, overmetting av fargane og oppbryting til meiningslause delar. Fargebruken gjer at assosiasjonane kan gå i retning reklame, der dei også blir brukte til å stimulera nyttingssenteret. Resultatet har ikkje lenger relasjon til den opphavlege hendinga. Så blir også dette øydelagd. Arbeidet blir brote ned, bretta, brekt og krølla. Den som ser på bilda blir erta med eit glimt av fargar og eit hint om form og tekstur, men blir aldri gitt nok til at ein kjenner ei fullstendig

kopling til verket. Ønsket om eit møte ligg der, men sjansen blir aldri gitt.

I denne utstillinga viser Teigen nye arbeid, med eit monumentalt hovudverk som er 5 meter langt. Arbeida er skapte i nær relasjon til utstillingsrommet. Det handlar om at det normale forsvinn i sekundar fordi hemningane slepp taket. Bilda er eksotiske, romantiserte og i duse fargar.

#### Kulturstipend

Johanne Teigen bur og arbeider i Oslo. Ho er kunstutdanna i London og har alt fleire utstillingar bak seg, både åleine og saman med andre. Nokre hugsar sikkert den første soloutstillinga hennar, den var på Galleri E på Valen i 2013. Seinare er det blitt fleire, no

sist på Galleri Storck i Oslo i 2015. Teigen vart tildelt Kvinnherad kommune sitt kulturstipend i 2010, og denne utstillinga er å sjå på som ein takk for det. Til festivalen har ho med seg seks-sju nye arbeid, alle med utgangspunkt i nærmiljøet på Husnes.

Bilda vert hengande i biblioteket til 20. februar.

Opningsarrangementet i biblioteket byr òg på musikk, det syt tre distriktsmusikarar i Sunnhordland for; Jarle Kristoffersen (cello), Grete Hylland (tværfløyte) og Magnus Blom (piano). Trioen kallar seg for Trio Vest, og alle dei tre profesjonelle musikarane er busette på Stord.

**TRUDE AARSAND**  
trude@kvinnheringen.no

**Kvinnheringen**

– for 25 år sidan

Kvinnheringen fredag  
1. februar 1991

## Idrettshallen opnar

Først neste helg er det offisiell opning av idrettshallen på Husnes. Men alt denne helga vert hallen teken bruk. Og der vert det aktivitetar frå morgon til kveld både laurdag og søndag. Det er volleyballfolket som inntek hallen i helga, med både elitekamp mellom Nyborg og Kolbotn, damekamp Trio-Sørfjell, og ikkje minst seriekampar for gitar og jenter.

## Mindre medisnutval

På grunn av nye forskrifter har utvalet i medisnutsala i kommunen gått mykje ned etter årsskiftet. Dette er noko folk reagerer på. Ein sint mann i Rosendal seier at det er ikkje råd å få kjøpa Tuxi hostesaft utan at det må bestillast frå apoteket på Husnes. Reglane for kva utval medisnutsala skal ha er molboaktige, meiner han.

## Skal skriva anleggs-historie

Redaktør Sjur Tjelmeland i kvinnheringen vart på styremøte i Sunnhordland Kraftlag måndag engasjert til å skriva bok om anleggsdrifta og pionertida i SKL. Tjelmeland skal ha permisjon frå stillinga i Kvinnheringen medan han skriv bok, og fungerande redaktør i denne perioden vert Kristian Hus.

## Skogdrift på Sandvoll

I Dalstø-området mellom Sandvoll og Utåker har fire grunneigarar gått saman og bygt ein knapt halvannan kilometer lang skogveg. Etter eitt års anleggsdrift er veggen no ferdig, og dei første tømmerstokkane er felt. I alt skal det takast ut 610 kbm. frå området.